



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 04.12.2018
Stad: Hotel Bondeheimen, Oslo
Klokka 12:30 – 14:30

Møtte: Gerd Helen Bø, Marthe Hammer, Morten Midlang,
Edmund H. Utne, Irene Heng Lauvsnes

Forfall: Arnstein Menes, Sigmund Hauge, Roald Aga Haug, Arne Bergsvåg,

Sekretariatet: Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø.

Agenda 04.12.18:	Kl. 12.30 – 14.30	Sakshandsaming
---------------------	-------------------	----------------

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 19/18 Meldingar

Det var ingen meldingar framlagde.

Sak 20/18 Besøk til stortingsbenkane for Hordaland og Rogaland

Førebuing

Presentasjon vart gjennomgått og ein fordele kven som skulle orientera omkring kvar av foilane i presentasjonen.

Det vart avtala at det skulle vera berre politikarar som deltok i sjølve presentasjonen til stortingsbenkane.

Sak 21/18 Årskonferansen 2019

Hanne orienterte frå arbeidet:

Det er viktig at innleiarar blir tidleg invitert og set av dagen.

Same mal som i år med korte innlegg

Det er valår samt nytt samanslått fylke, god representasjon frå fylkesnivået blir viktig saman med å få eit representativt utval av Stortingsrepresentantar.

Hovud- og deltema blir setla utover januar – februar og set på 1. styremøte i 2019

Arbeidstittel: Vegen fram til NTP - med sideblikk på opning av Ryfast

Samferdselsbolken:

Konklusjon:

1. Statsråd Dale blir invitert.
2. Politikarar blir inviterte etter parti.

Utifrå erfaring, trengs tidleg ei prioritert liste over ønskja deltakarar frå Stortinget og fylkesnivået slik at det er enkelt å gå vidare om ein seier nei.

NB: Styret blir bedne om innan 18.12. å setja opp *partivis prioriteringsliste over Stortingsrepresentantar* dei ønskjer inn til innleiing og debatt på konferansen.

Dvs. Dei i styret som representerer Høgre finn ei samla liste, Sp-arane lagar ei liste osb. Minst 4 forslag pr parti.

Me bed og om at vararepr. deltek i dette (KrF – Svanhild L. Skålheim).

Tilsvarande forslag ønskjer me for fylkesnivået.

I tillegg bed me om forslag frå styret inkl. vara til deltakarar frå dei vesentlege partia som ikkje har repr. i vårt styre: FrP, V.

3. Samferdselsfaglege tema: Revidert skredsikringsrapport, Samfunnsøkonomi/ikkje-prissette konsekvensar m.m. samt konsekvensar av klimaendringane

4. Næringsliv: Store transportaktørar, gjerne medlem, blir kontakta. NHO og LO blir og kontakta for deltaking.

Reiselivsbolken:

5. Fokus: Travel like the locals – prosjektet på plass frå 2019, ny prosjektleiar samt reiselivsaktørar blir invitert.

Administrasjonen held auge med dei grunnlagsdokumenta som etterkvart blir offentlege i NTP-prosessen.

Sak 22/18 Økonomistatus for Fjordvegen Rute 13.

Rapport pr. 2. tertial vert sendt saman med denne møteprotokollen.

Sak 23/18 Møteplan våren 2019

5. februar 2019

13. mars 2019 (telefonstyremøte)

2. april 2019

3. april 2019 årsmøte

4. juni 2019

Sak 24/18 Ymse

Ingen saker

Jostein Eitheim

Referent